



Dei to kyrkjelydspedagogane ynskjer velkommen til kyrkja søndag

På søndag vert det ei familiegudsteneste med både kyrkjebok og etterfølgjande kyrkjekaffi og soknemøte i Uskedalen kyrkje!

4- og 6-åringane i kyrkjelyden har blitt spesielt invitert til gudstenesta denne dagen, for å få kvar si flotte kyrkjebok.

Utdeling av bøkene har blitt ein del av kyrkja si nye store satsing på trusopplæring, og difor har 4-åringane isoknet også blitt invitert til ei eiga samling i kyrkja på onsdagen før, saman med dei to kyrkjelydspedagogane Berta Haugland og Olaug Fagerheim, som arbeider spesielt med trusopplæringsreforma. Dei vil ein også treffe på gudstenesta søndag.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi og soknemøte i kyrkja. Soknemøtet gjeld arbeidet med innføringa av ny ordning for gudsteneste (liturgi) som heile Den norske kyrkja arbeider med for tida. I den såkalla gudstenestereforma skal kyrkjelydane bestemta meir lokalt

om korleis gudstenesta skal vere.

Soknerådet har hatt eit felles utval med Husnes og Holmedal sokn, og deira forslag til korleis den nye gudstenestordninga skal vere i Uskedalen, vert lagt frem for soknemøtet på søndag.

Velkommen både til ei flott gudsteneste, hyggeleg kyrkjekaffi og spennande soknemøte.

KristianDue
sokneprest